

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Enderingar i "Forskrift om skikkethetsvurdering i høgere utdanning" - uttale frå Høgskulen i Sogn og Fjordane

Høgskulen i Sogn og Fjordane har mottatt framlegg til endringar i «Forskrift om skikkethetsvurdering i høgere utdanning». Høgskulen er tilfreds med at arbeidet med skikkavurdering i høgre utdanning vert løfta fram, og at rapporten frå 2011 «Skikkethetsarbeid i UH-institusjonene» no vert følgt opp.

Høgskulen i Sogn og Fjordane vil innleiingsvis peike på at omgrepet «skikkethetsvurdering» ikkje høver for nynorske språkbrukarar. Vi nyttar ordet «skikkavurdering» eller «å vere skikka» (skikkethet), og ber om at departementet utarbeider ein nynorsk versjon av forskrifta som tek omsyn til denne språklege kommentaren.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har i mange år formidla kunnskap om skikkavurdering til studentar og tilsette. Gjennom arbeid med tvilsmeldingar og skikkasaker har høgskulen erfart at arbeid med desse spørsmåla er kompliserte og arbeidskrevjande, og at regelverket på fleire område er uklart. Høgskulen er glad for at departementet no endrar forskrifta med sikte på å styrke skikkavurdering i høgre utdanning.

Utdanning og godkjenning av framtidige profesjonsutøvarar innan helse- sosial- og utdanningssektoren representerer eit stort samfunnsansvar. Kandidatane som vert utdanna skal løyse store og komplekse faglege oppgåver innan sitt praksisfelt. Gjennom skikkavurderinga vert utdanningsinstitusjonane pålagt å sikra at dei kandidatane vi utdannar ikkje berre skal ha dei nødvendige teoretiske kunnskapane og handverksmessige ferdigheitene for yrkesutøving men og nødvendige personlege eigenskapar. Til grunn for arbeidet ligg forskrift om skikkethetsvurdering i høgre utdanning.

Høgskulen i Sogn og Fjordane vil gje følgjande kommentarar til framlegg til endringar:

§1 Virkeområde

Denne paragrafen er lagt om slik at den ikkje lenger listar opp alle aktuelle utdanningar, men heller syner til utdanningar som kvalifiserer for tilsetjing etter opplæringslova eller autorisasjon som helsepersonell, i tillegg til nokre andre utdanningar. Høgskulen sluttar seg til at det vert innført skikkavurdering for dei utdanningane som er nye på lista. Ved å fjerne oversikten over spesifikke utdanningar innan skule og helse, vert det opna opp for at institusjonane sjølv får eit ansvar for å sjå til at aktuelle utdanningar vert underlagt skikkavurdering. Ved HiSF vil det vere aktuelt for idretts- friluftslivsutdanningane våre. Høgskulen vil peike på at det kan verte meir uoversiktleg kva utdanningar som er omfatta av skikkavurdering viss lista i forskrifta ikkje vert uttømmende. HiSF har både grunn- og vidareutdanningar der det vert heimel for skikkavurdering etter denne endringa.

Høgskulen er nøgd med at det vert opna for skikkavurdering på vidareutdanningar. Vi ønskjer ei formulering der det ikkje vert vist til at vidareutdanningane skal byggje på dei aktuelle grunnutdanningane, men heller til

at ordninga skal omfatte vidareutdanningar der studenten i yrket vil kome i kontakt med dei gruppene skikkavurderinga elles er meint å tene. Det kan og vere aktuelt med skikkavurdering for masterutdanningar.

§2 Føremål

Det vert foreslått å endre paragrafen slik at det vert innført eit eige føremål for skikkavurdering. Høgskulen meiner det er positivt. Vi vil peike på at sjølv føremålet er å vurdere om studenten er skikka for yrket han/ho utdanningar seg for. Vi meiner at faglege og personlege føresetnader for yrkesutøving bør inngå i vurderingskriteria, og at dei bør takast ut frå føremålet med skikkavurderinga.

§3-5 Vurderingskriterier

Høgskulen meiner vurderingskriteria for skikkavurdering dekkjer dei aktuelle tema som vedkjem skikkavurdering. Det er nokre kriterium som er spesifikke for kvar av dei tre paragrafane. Høgskulen vil likevel foreslå at kriteria vert samordna til ein paragraf. Dette kan gjere kriteria tydelegare å forstå for studentar og omverda, og det vil kunne hjelpe institusjonane i å utvikle felles forståing i kva som ligg i dei ulike kriteria.

§6 Informasjon

Høgskulen meiner det er svært viktig med informasjon om skikkavurdering. I den foreslåtte paragrafen vert det lagt vekt på utdanningsinstitusjonen sitt ansvar for informasjon til studenten både i tilbodsbrief og ved studiestart. Høgskulen meiner denne paragrafen manglar tydelegare føringar for informasjon til studenten gjennom heile studieløpet og informasjon til praksisfeltet. Praksisfeltet har behov for betydeleg opplæring i kva skikkavurdering inneber. Det må kome tydeleg fram kva som skal vere høgskulen sitt ansvar i høve informasjon, og om praksisfeltet skal ha eit eige ansvar for opplæring av øvings- og rettleiingspersonell. Det kan og vere aktuelt at utdanningsinstitusjonen må ta eit ansvar for opplæring av andre grupper som inngår i opplæring av studentar.

§7 Skikkanemnd

Høgskulen har ikkje forslag om endring av samansetjing av skikkanemnda. Når det gjeld oppnemningsperiode, kan det vere naturleg å endre denne til fire år, samsvarande med styreperiodane for utdanningsinstitusjonane. Det er uheldig at studentane berre kan oppnemnast for eitt år, men ein kan søkje å finne kandidatar som kan halde fram. Studentane gir viktige bidrag i dette arbeidet, men med relativt få saker vil det vere bra med størst mogleg kontinuitet.

§8 Institusjonsansvarleg

Høgskulen ønskjer ikkje at institusjonsansvarleg skal inngå som medlem i skikkanemnda. Institusjonsansvarleg har ei sjølvstendig rolle i å førebu saker for skikkanemnda. Det er naturleg at vedkomande deltek i møte i nemnda, legg fram dokumentasjon og argumentasjon og bidreg med opplysing av saka. Men det er etter vår meining naturleg at vurderingane og vedtak vert gjort av nemndsmedlemar som ikkje sit så «tett på» saka.

Høgskulen sluttar seg til framlegg om at det bør oppnemnast vara for institusjonsansvarleg. Det bør inn ei formulering om krav til kompetanse der det går fram at institusjonsansvarleg må ha god kunnskap om dei aktuelle profesjonsutdanningane.

§9 Tvilsmelding

Det bør opnast for at studentar kan få vere anonyme som tvilsmeldarar. Det kan vere belastande for studentar å melde frå i slike saker. Dersom studentar leverer tvilsmeldingar, bør den fagtilsette/leiar føre saka vidare på vegne av studenten/studentane.

§10 Handsaming hos institusjonsansvarleg

Høgskulen meiner paragrafen i hovudsak gir tilstrekkeleg informasjon om korleis institusjonsansvarleg skal arbeide med saka. Vi foreslår to tillegg: Dersom institusjonsansvarleg finn at det ikkje er grunnlag for å setje i verk utvida rettleiing, bør det formulerast ei skriftleg grunngjeving som følgjer saka. Det skal skrivast ein rapport dersom det vert gjennomført utvida rettleiing (utvidet oppfølging).

§11 Skikkanemnd

Formuleringane i denne paragrafen gir tilstrekkeleg informasjon til å gjennomføre arbeidet i skikkanemnda. Høgskulen si skikkanemnd har hatt nokre saker til handsaming dei siste åra. Vår erfaring er at arbeidet er krevjande, og det er behov for opplæring. Det gjeld både for å sikre korrekt dokumentasjon som grunnlag for nemnda sitt arbeid, sjølv arbeidet i nemnda, forholdet til studenten og eventuell juridisk bistand. Det er avgjerande å ha god juridisk kompetanse i nemnda. For å sikre mest mogleg lik praksis, er det ønskeleg med nasjonale fora for opplæring og deling av erfaring. Det kan og vere aktuelt å foreslå regionale skikkanemnder. Høgskulen har ikkje tatt noko endeleg standpunkt til dette.

§12 Klagenemnda

Høgskulen stør forslaget om å utvide perioden for utestenging til inntil fem år. Det er eit alvorleg skritt å vedta utestenging av ein student, og det vil i mange høve vere lite truleg at ein slik student får endra føresetnader for å kunne gjennomføre studiet på kortare tid. Det vil i alle høve vere mogleg å velje utestenging for kortare periode dersom klagenemnda finn det rett.

Høgskulen ønskjer ei presisering av kva for utdanningar utestenging etter skikkavurdering skal gjelde for. Vi har erfart at omgrepet «tilsvarende utdanningar» ikkje er eintydig. Dersom ein student til dømes vert utestengd frå ei sosialarbeidarutdanning, vil vedkomande då kunne søkje sjukepleieutdanning? Det bør vere slik at den studenten som er utestengd etter skikkavurdering i samsvar med denne forskrifta ikkje kan få opptak til noko anna studium som er underlagt skikkavurdering. Dette synet vert forsterka etter innføring av føremålsparagrafen som no vert innført os som omhandlar alle utdanningane. Det er viktig at dette vert tydeleggjort, og i høve det nasjonale registeret RUST.

Anna

Høgskulen meiner at det bør stå i forskrifta at ei skikkavurdering av ein student bør fullførast sjølv om studenten sluttar under vegs i prosessen. Det er for å hindre at vedkomande søker seg inn ved annan institusjon.

Høgskulen etterlyser og ei klargjering av om utdanningsinstitusjonen har eit eige informasjonsansvar overfor eksterne instansar (til dømes autorisasjonskontor eller helseføretak) når det gjeld utestengde studentar etter skikkavurdering.

Med helsing

Kari Thorsen
Seniorrådgjevar